

Takstar og moderasjonar - retningsliner for hurtigbåtrutene i Møre og Romsdal

gjeldande frå 01.01.2012

1.1. Retningsliner - takstar

Desse takstretningslinene omfattar all transport av personar og gods i hurtigbåtsambanda innan Møre og Romsdal fylke frå 1. januar 2012.

Den enkelte båtstrekninga er plassert i takstsone.

Alle passasjerar skal betale personbillett.

For gods som blir teke med på hurtigbåt skal Operatøren sitt eige godsregulativ nyttast.

./.
Taksttabell for 2012 følgjer vedlagt.

Barn

Barn under 4 år reiser gratis.

Barn under 16 år betalar 50 % av vaksen enkeltbillett takst.

Er det tvil om alderen kan det krevjast aldersattest.

1.2 Retningsliner - moderasjonar

Verdikort

Verdikort er eit rabattkort som kan brukast på alle strekningar innan selskapet sine hurtigbåtruter.

Ved bruk av verdikort vert det gitt 17 % rabatt på personbillett for vaksne og barn. Verdikort kan nyttast av fleire personar på same tur.

Periodekort (Månadskort)

Periodekort (månadskort) gjeld for ein person og ei bestemt reisestrekning. Kortet gir rett til uavgrensa tal reiser i den perioden kortet gjeld for. Kortet gjeld berre for vaksne. Det er personleg og kan ikkje nyttast av andre.

Taksten for periodekort for fleire båtsamband skal vere periodekorttaksten for det første sambandet pluss 13 x enkeltbillett for kvar av dei neste sambanda.

Buss / hurtigbåt: Samordna periodekort blir selt på enkelte strekningar.

Honnørrabatt

Pensjonistar og andre trygda får honnørrabatt med 50 % på ordinær vaksen takst. Honnørrabatt kan ikkje kombinerast med andre rabattar.

Ordninga omfattar:

Personar over 67 år

Uføre som har uførepensjon etter folketrygdlova

Blinde

Døvblinde

Ektefelle, registrert partner eller sambuar i følgje med person som har rett til honnørbillett har sjølv rett på honnørbillett.

Den som krev honnørrabatt skal legitimere seg med gyldig identitetskort (pass, førarkort, bankkort eller Postens identitetskort).

Det skal ikkje setjast krav til bustad eller nasjonalitet. Retten til honnørrabatt for uførepensjonistar er likevel knytt opp til deira posisjon etter folketrygdlova.

Moderasjon for vernepliktig personell og sivile tenestepliktige

Vernepliktig personell og siviltenestepliktige får 50% rabatt på vaksen enkeltbillett. Vernepliktbooka tener som legitimasjon. For innkallingsreiser gjeld innkallingsordren som legitimasjon.

Militærrabatt kan ikkje kombinerast med andre rabattar.

Fri reise for følgjeperson til funksjonshemma

Følgjeperson for funksjonshemma får fri reise på hurtigbåtrutene. For at følgjeperson skal få fri reise må det leggjast fram følgjepersonbevis (kort) som er utskrive av den kommunen der den funksjonshemma høyrer heime.

Skolebartransport

For skyss av grunnskoleelevar med hurtigbåtrutene skal ordinære takstar på vedkomande rutestrekning nyttast. Tal skoledagar i skoleåret og elevane sin alder ved byrjinga av skoleåret blir lagt til grunn for heile skoleåret. Dei skolebarna avtalen gjeld må ha med legitimasjon frå ruteselskapet/skolen/kommunen.

For elevar i vidaregåande skole blir månadskorttakst, eventuelt gjennomgåande månadskorttakst med buss/ferje/båt for den aktuelle reisestrekninga lagt til grunn. Reisebeviset elevane får frå ruteselskapet/skolen gjeld berre for ei tur-/returreise mellom heim og skole kvar skoledag.

Skole- og studentrabatt

Det skal vere skole- og studentrabatt på månadskort (og andre periodekort) på 50 %. Det skal ikkje vere noko øvre eller nedre aldersgrense for ordninga. Vilkår for å oppnå rabatt, skal vere framlegging av gyldig skole-/studiebevis.

Ungdomskort

Ungdomskort vart innført i Møre og Romsdal fylke frå 1. september 2002. Ungdomskort gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal fylke i den perioden kortet gjeld for, vanlegvis 1 måned. Kortet gjeld for aldersgruppa 0-19 år. Inntektene frå sal av ungdomskort tilkjem den operatøren som har selt kortet (buss, båt eller ferjeselskap). Eventuell fordeling av salsinntektene etter bruken av kortet, må forhandlast mellom dei aktuelle ruteselskapa i fylket.

Grupperabatt

Grupper på meir enn 10 personar som reiser samla og løyser felles billett, får 30 % rabatt på ordinær enkeltbillett takst. Honnørreisande får ikkje grupperabatt.

Familierabatt

Når ein familie (far/mor og barn) reiser samla blir det gitt slike rabattar:

- Ein vaksen familiemedlem betalar vaksen takst
- Ektemake/sambuar og husstandsmedlemar mellom 16 og 25 år får 50 % rabatt på ordinær vaksen takst
- Barn under 16 år får 50 % rabatt på barnetakst

Rundreiserabatt

For reise utan i landstiging blir det gitt 35 %rabatt på ordinær tur-/returpris. Hovudregelen er at den reisande må vere om bord under heile turen.

4

Andre rabattar

Interrail/Scanrail/Eurorail:

Railerar får 50 % rabatt på ordinær vaksen billett mot å vise fram gyldig rail-billett.

1.3 Bagasje

Bagasje som kan takast med gratis:

- Handbagasje i bagasjehylle, på passasjeren sitt fang eller under setet,
- ski,
- barnevogn og
- tenestehund i arbeid

Bagasje mot betaling:

- Hund

- Sykkel

For desse kan barnetakst betalast. Minstetaksten kan likevel vere lik minstetaksten for vaksen.

1.5. Gebyr

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett eller kort, skal i tillegg til billett betale eit gebyr på kr 500,- ved betaling på staden. Ved fakturering er gebyret sett til kr. 750,-.